

ÅRSRAPPORT 2024

MED RAPPORT FRÅ
SKOGBRUKET I ROGALAND



SKOGSELSKAPET
Rogaland

Skogselskapet

Det norske Skogselskap er ein landsomfattande ideell medlemsorganisasjon, som jobbar for å fremma forståing for skogen si mangesidige betydning. Skogselskapet i Rogaland vart stifta i 1899, og er i dag eitt av 16 fylkeslag.

Skogselskapet i Rogaland jobbar for at alle skal ha glede av skogen sine unike eigenskapar, som kjelde

til berekraftige ressursar, som klimaregulator og som arena for friluftsliv og artsmangfald.

Informasjon og formidling står sentralt i Skogselskapet sitt arbeid, med aktivitetar for barn og unge som hovudsatsing. Organisasjonen er både en stolt tradisjonsberar og ein framtidsretta pådrivar for grøn omstilling. Vi meiner aktiv og

berekraftig bruk av skogen er viktig for å oppretthalde levande bygder, og jobbar for retten til berekraftig hausting frå vår

viktigaste fornybare ressurs. Skogselskapet vil fremja verdiskaping gjennom kunnskap og ansvarleg forvaltning, og vårt haldningsskapande arbeid retter seg derfor mot både næring, myndigheiter og allmennheita.

Som ideell medlemsorganisasjon treng og jobbar vi for støtte frå våre medlemmer, og vi inviterer alle med interesse for skog og naturbruk til å melda seg inn i Skogselskapet. Som medlem får du tilsendt fire utgåver årleg av medlemsbladet Skog og Miljø, samt vår årsmelding med skogstatistikk og fagartiklar. Vi deler òg skogfagleg informasjon og inviterer jamleg til samlingar. Med støtte frå våre medlemmer ønskjer vi å vidareutvikla aktiviteten og nedslagsfeltet vårt i åra som kjem, og å veksa som samfunnsaktør og ressurs for heile regionen.



Frå familedagen på Vitengarden på Nærbø i april 2024. | Foto: Kjell Terje Skrunes

VISJON

Alle menneske skal oppleve skog som ei verdifull kjelde til livskvalitet.

MÅL

Skogselskapet skal gjera synleg skogen sin store samla verdiskaping for næring, klima og samfunn gjennom ei ideell, langsiktig og global verksemd. Klima og helse står i fokus. Vi ønsker å synleggjere skogen som verdiskapar, miljøarbeidar og tradisjonsberar.

STRATEGI

Formidla fagkunnskap om skog og tre til skole, skogeigarar, politikarar, styresmakter og samfunnet.

Leiar

Året 2024 har vore eit greitt år for skogselskapet generelt, og så også i Rogaland. Det har vore god aktivitet både i skogbruket og i Skogselskapet i Rogaland. Høge tømmerprisar skaper aktivitet og gir eit lønsamt skogbruk og positive vilkår for skogeigarane. Gode prosjekt og bra avkastning på midlane til Skogselskapet har gjeve overskot for andre året på rad.

Prosjektet “aktive skogeigarar”, som har fagdagar og webinar med fokus på fornying av skog, har blitt drive vidare i 2024 som året før. Dessutan har Skogselskapet i Rogaland ein god tradisjon for å driva målretta arbeid for barn og unge, med skuleskogdagar i Njåskogen, familiedagar på Vitengarden og spiking på naturdagen på Dyrsnes. Her ein har nådd ut til mange folk i ulik alder saman med viktige samarbeidspartnarar, som Jærmuseet, Rogaland 4H og Stavanger Kommune.

Året 2025 er “friluftslivets år”, og bør difor nyttast til å utforska skogen endå meir. Skogselskapet sentralt har dette året eit prosjekt retta mot skulane, Skogleikane, som me også er ein del av. Det er verdifullt med prosjekt som når ut til mange, slik at fleire blir kjende med arbeidet me gjer og får ei interesse for skog og natur.

Me har ei utfordring og ein jobb å gjera når det gjeld planting av ny skog. Det kan sjå ut som at prosjekt som blir drive for å motivera skogeigarar til planting ikkje er nok. Det er urovekkande at ein har ei avskoging i Rogaland. Statistikken viser at berre ein tredjedel av hogstarealet blir tilfredsstillande forynga, og heile fjorten prosent av arealet blir verken omdisponert eller prøvd gjort noko med.

Dette fører til nedbygging av tømmerressursane over tid, og det vil også redusera co2-opptaket i Rogaland betrakteleg. Denne trenden får ein ikkje snudd berre med fagdagar og webinar. Her må det sannsynlegvis andre og sterkare verkemiddel til for å få snudd utviklinga.

Styret takkar alle tilsette, frivillige og våre samarbeidspartnarar for eit godt arbeid i 2024.

Kristofer Tveiterå
Styreleiar



Foto: Privat

Innhald

Leiar	3
Verksemd	4
Eigedommar	6
Vedtekter	7
Revisjonsberetning	13
Årsrekneskap	14
AS Skog rapport	15
Skogen lokka mest	16
Oppfølging av foryngingsplikt	18
For tidlig hogst	20
Skogvegbygging	20
Ambassadør for Velg Skog	21
Skogstatistikk	22

STYRET

Etter årsmøte 2024 er styret samansett slik:

STYREMEDLEM	KOMMUNE	PÅ VAL ÅR
KristoferTveiterå	Suldal	2026
Olav F. Knusten	Haugesund	2026
Karin Repstad Spanne	Stavanger	2027
Per Helle	Tysvær	2026 (fylkestinget)
Svein Kjetil Rønnevik (1.vara)	Hjelmeland	2025
Gaute Muren 2. vara	Tysvær	2025
Jan Erik Larsen (vara for Per Helle)	Tysvær	2026 (fylkestinget)

I 2024 blei det halde 4 styremøte. Det blei behandla totalt 45 saker. Styret har behalde fokuset sitt på forsvarleg økonomisk drift. I 2023 hadde me for fyrste gong sidan 2017 eit overskot, og rekneskapen synes også eit lite overskot i 2024. Dette skuldast delvis rekneskapstekniske forhold, men styret meiner likevel at det har vore sunn økonomisk drift i selskapet i meldingsåret.

Me får inn midlar knyta til dei faste arrangementa me gjennomfører, slik som seminar i tilknytning til årsmøte, skuleskogdaggar og familiedagar. Aktiviteten når det gjeld prosjekter er trappa opp dei siste åra, noko som bidreg monaleg til meir inntekter, samstundes som ein har fokus på kostnadskontroll.

Prosjektet «Aktive Skogeigarar» som kom i gong i 2023 har rulla vidare. Her arrangerer me fagdagar og webinarer innan skogkultur. Det har vore stor interesse for alle desse arrangementa.

Dei to første åra av prosjektet har 178 skogeigarar delteke på anten fagdag eller seminar – eller begge delar. Ein del av dette prosjektet er også skogrelaterte artiklar i Bondevennen, og eit arbeid med forbetring av kommunane sine nettsider for skogbruk. Prosjektet går ut 2025.

Bionergiprojektet, eit toårig prosjekt som blei starta i 2021, blei forlenga med to nye år i meldingsåret, og går no ut 2025. Prosjektet har som mål å auka bruken av bioenergi (flisfyring) innan landbruket og i gartner-næringa. Her er Ådland Bioenergi ein viktig samarbeidspartnar.

AKTIVITETAR

Skuleskogdagane i Njåskogen blei arrangerte dei tre første vekene i april. Arrangementet gjekk greitt også i år, ikkje minst takka dugnadsinnsats som blir lagt ned for å gje fleire hundre 5. – 7. klassingar gode opplevingar i skogen.

Her får dei kunnskap om skog og skogbruk, dei får planta ny skog, og blir kjende med sag og øks. Grunneigar Jæren skoglag og Vitengarden på Nærbø er

gode støttespelarar her. Tilbakemeldingane frå elevar og lærarar var – som dei er kvart år – utan unnatak positive. Sondag 21. april var det skogdag på Vitengarden på Nærbø i samband med Jærmuseet sin årlege familiedag. Her hadde Skogselskapet ansvaret for ein natursti om tre og skog, i tillegg til at me hadde ein post med saging, kløyving og kapping av ved.

Sondag 5. mai deltok me på Naturdagen ved Stokkavatnet i Stavanger, eit årleg arrangement som Stavanger kommune har ansvaret for. Ei rekkje friluftsansjonar deltek. Her er det spikkebord for dei minst som gjeld, og også dette året var Skogselskapet sin post mellom dei mest populære på dette godt besøkte arrangementet.

I samband med årsmøtet i Tysvær 1. oktober, arrangerte me seminar om juletre dyrking i samarbeid med Rogaland juletre. Seminaret blei avslutta med utferd til Straum juletre gard i Skjoldastraumen.

4. og 5. november deltok dagleg leiar på rådmøtet i Det norske Skogselskap på Sundvollen hotell.

ADMINISTRASJON

Kjell Terje Skrunes har hatt 100 prosent stilling i meldingsåret. Dagleg leiar i Skogselskapet er også dagleg leiar i AS Skog og i Rogaland skognæringsforum. Skogselskapet fakturerer desse for tenestene, og inntektene herifrå er ein viktig del av selskapet sitt inntektsgrunnlag.

REGNSKAPSFØRAR

Skogselskapet sin rekneskap vert ført av 12i Økonomi AS, Finnøy.

REVISOR

Bryne Revisjon AS, ved statsautorisert revisor Alf Danielsen, er revisor for selskapet.



Frå fagdag i prosjekt «Aktive skogeiere» på Helleland i mars.
Foto: Kjell Terje Skrunes



Glade elever på skuleskogdag i Njåskogen.
Foto: Kjell Terje Skrunes

ÅRSMØTE

Årsmøtet blei halde i Aksdal, Tysvær 1. oktober. Kring 30 møtte til det opne møtet som blei avslutta med eit seminar. Årsmelding og årsrekneskap vart godkjende utan merknader.

VAL

Hans Petter Tønnessen, Turid Ottersland Tjøstheim og Tårn Ubøe utgjorde valkomiteen. Hans-Petter Tønnessen presenterte valkomiteen si innstilling, og gjennomførte val.

Christian Aasland og Karin Repstad Spanne var på val. Christian Aasland hadde sagt nei til attval, medan Karin Repstad Spanne hadde sagt ja til å ta attval.

Valkomiteen innstilte på attval av Karin Repstad Spanne og Sander Huslende Alfredsén som nytt styremedlem. Begge blei valt ved akklamasjon.

Svein Kjetil Rønnevik hadde sagt ja til attval som 1. vara, medan Mathilde Grimsby hadde sagt nei til attval som 2. vara. Valkomiteen innstilte Svein Kjetil Rønnevik som 1. vara, og Gaute Muren som 2. vara. Begge blei valt ved akklamasjon.

Valkomiteen innstilte Kristofer Tveiterå som styreleiar, og Olav F. Knutsen som nestleiar. Begge blei valt ved akklamasjon.

Kristofer Tveiterå foreslo Lasse Hellenen som nytt medlem i valkomiteen, og han blei valt ved akklamasjon.

Valkomiteens samansetning blei då:

Turid Ottersland Tjøstheim – på val i 2025

Tårn Ubøe – på val i 2026

Lasse Hellenen – på val i 2027

MEDLEMSKONTINGENT

Etter vedtektsendring på årsmøtet i 2023 følger kontingentsatsane i Skogselskapet i Rogaland det som blir vedtatt av årsmøtet i Det norske Skogselskap.

REGISTEROPPDATERING

Oppdatert kontaktinformasjon er ein føresetnad for å vedlikehalda medlemsregisteret og halda verdifull kontakt med medlemmene våre. Stadig meir informasjon og relevante invitasjonar vert send per e-post og SMS.

Kontaktinformasjonen din kan enkelt oppdaterast ved å sende ein e-post til rogaland@skogselskapet.no, eller du kan ta kontakt på 973 00 095. For utsending av medlemsbladet Skog og miljø per post trengs oppdatert postadresse.



Travelt rundt spikkebordet vårt på Naturdagen ved Stokkavatnet. Foto: Kjell T. Skrunes

Eigedommar

Skogselskapet eig fire mindre eigedommar rundt om i fylket. På større og mindre deler av desse eigedommane har Norsk Institutt for Bioøkonomi (NIBIO) lagt ut ulike typar forsøksflater. Skogselskapet ser det som ei viktig oppgåve å på denne måten kunne medverka til stadig større kunnskap om skog og skogbruk i Rogaland.

Alle skogeigedommane til Skogselskapet er forsikra i forsikringselskapet Skogbrand. I tilknytning til eigedommane er Skogselskapet også medeigar i fleire felles bil- og traktorvegar.

Hansaskogen (Vassmyr), Vindafjord

Totalarealet er ca. 750 dekar, og det produktive 330 dekar. Deler av eigdommen blei planta med gran og sitkagran på 1960- og 70-talet. Det står ei jakthytte på eigdommen, og jakta er leigt ut. Det er bilveg fram til eigdommen, og eit par traktorvegar innover til Ternevatnet.

Breidablikk, Finnøy

Totalarealet er ca. 48 dekar, og mest heile arealet er produktivt, for det meste superbonitet. Skogen er nytta til forsøk av NIBIO. Eit proveniensforsøk frå 1983 med sitkagran har årleg løpande tilvekst på 4,8 m³/dekar. Skogselskapet ser fram til neste tilvekstmåling som truleg vil visa endå høgare tal.

Axel Heibergs plantefelt (Auestadskogen), Gjesdal

På denne eigdommen vart det i 2016 delt frå ein parsell til ein nabo som hadde behov for meir beiteareal. På deler av dette arealet står det

i dag forsøksskog, og Skogselskapet har derfor ein bruksrett til skogen så lenge forsøka held fram. Vidare blei det same år kjøpt eit noko større areal av ein annan nabo med tanke på skogreising. Desse sals- og kjøpsavtalane vart gjort i 2016/2017. På deler av den innkjøpte parsellen er det planta klimaskog, men ein del areal er framleis ikkje tilplanta. I meldingsåret er det utført ungskogpleie på eigdommen. Jakta er leigt ut.

Totalarealet er i dag 523 dekar, medan det produktive arealet er ca. 230 dekar. Også på denne eigdommen det lagt ut mange forsøksflater, bl.a. fleire produksjonsflater med ulike gran- artar. Det vart planta 100 daa ny skog gjennom klimaskogprosjektet i 2016. Det vart òg hogd og planta gran og svartor på Auestad i 2017.

Storskogen (Lomeland), Eigersund

Totalarealet er ca. 470 dekar. Ca. 275 dekar er produktiv skog. Store deler av skogarealet er lagt ut til forsøk, og då for det meste ei lang rekkje produksjonsforsøk med mange uliketreslag, både bartre og lauvtre. Det blei i 2023 inngått avtale om jaktleige på eigdommen. I meldingsåret er vegen inn til eigdommen grusa opp.

Skogens hus, Stavanger

Skogselskapet har kontoradresse i Skogens hus i Pedersgata 32c i Stavanger, Holistic Center AS leiger alle areal som Skogselskapet ikkje brukar sjølv.



Frå Hansaskogen (Vassmyr) i Vindafjord | Foto: Kjell Terje Skrunes

VEDTEKTER FOR SKOGSELSKAPET I ROGALAND

Gjeldende fra 5.3.2024

§ 1: SELSKAPETS FORMÅL

Skogselskapet i Rogaland har som formål å fremme forståelsen av skogens mangesidige betydning og arbeide for et godt skogbruk.

§ 2: SELSKAPETS SAMMENSETNING

Skogselskapet i Rogaland består av:

a) Direkte medlemmer

b) Støttemedlemmer, som er lag, foreninger, institusjoner, kommuner, allmenninger, banker, bedrifter o.l. som vil støtte Skogselskapets arbeid.

c) Æresmedlemmer

Årlig betalende medlemmer som i to år, tross påkrav ikke har betalt kontingent, betraktes som uttrådt av Skogselskapet. Skogselskapet i Rogaland følger de medlemskategorier og kontingentsatser som vedtas i Det norske Skogselskaps landsmøte.

Medlemmer av fylkesskogselskapet er samtidig medlemmer av Det norske Skogselskap.

Skogselskapet i Rogaland står tilsluttet Det norske Skogselskap og samarbeider med dette.

§ 3: SELSKAPETS ADMINISTRASJON

Selskapet ledes av styret med bistand av sekretær og annet administrativt personale.

Selskapets høyeste organ er årsmøtet.

§ 4: STYRETS SAMMENSETNING

Skogselskapet skal ha et styre på 5 medlemmer med tre varamedlemmer.

Ett medlem med varamedlem oppnevnes av Rogaland fylkesting. De fire øvrige medlemmer med første og andre varamedlem velges av årsmøtet.

Styrets medlemmer har en funksjonstid på tre år. De fire årsmøtevalgte medlemmer trer ut av styret etter tur. Første og andre varamedlem velges for ett år om gangen.

Dersom det foreslås gjenvalg på en representant etter to perioder i styret, skal det stilles motkandidat.

Styret er beslutningsdyktig når leder eller nestleder og minst to styremedlemmer eller dens vararepresentant er til stede.

Vedtaket må da være enstemmig. Ved stemmelikhet har styrets leder dobbeltstemme.

§ 5: STYRETS GJØREMÅL

Styret ivaretar Skogselskapets interesser, forvalter dets midler og eiendommer og fremmer dets formål på trygghende og best mulig måte.

Ved omdisponeringer eller salg av større eiendommer (skogeiendom, planteskole eller annen fast eiendom), forberedes dette av styret for årsmøtet, som fatter endelig vedtak.

Styret ansetter (eventuelt avskjediger) selskapets funksjonærer, fastsetter deres lønn og i tilfelle instruks for deres arbeid.

Styret kan velge et engere arbeidsutvalg med styrets leder og nestleder som selvskrevne medlemmer. Til fremme av Skogselskapets formål kan styret oppnevne tillitsmenn (representanter for regioner, en eller flere kommuner.)

Styret forbereder årsmøtet og legger fram for dette årsmelding og revidert regnskap, dessuten oversikt over prioriterte arbeidsoppgaver for det kommende år.

Styret skal hvert år utarbeide virksomhetsplan med budsjett som skal sendes Det norske Skogselskap.

Over styrets forhandlinger føres møtebok. Utskrift av møtebok sendes til Det norske Skogselskap så snart den er godkjent.

Årsberetning og revidert regnskap sendes til Det norske

Skogselskap innen 20. april hvert år etter fastsatte regler.

Den samlede kollektive kontingent for medlemmer sendes forskuddsvis til Det norske Skogselskap innen 20. april i henhold til medlemsliste.

Fylkesskogselskapene skal ved opptreden utad, f.eks. på brevark, gi uttrykk for at de er tilsluttet Det norske Skogselskap.

§ 6: ÅRSMØTE

Årsmøte skal holdes hvert år til tid og sted som styret bestemmer. Bekjentgjørelse skje på trygghende måte og med minst to ukers varsel.

Årsmøtet ledes av en valgt møteleder.

Stemme på årsmøtet har fylkesskogselskapenes direkte medlemmer og utsendinger fra tilsluttede lag og foreninger.

Hvert lag har en stemme.

For å være valgbar til tillitsverv i fylkesskogselskapet må vedkommende ikke ha fylt 70 år.

Styrets medlemmer har ikke stemmerett når det gjelder årsmelding og regnskap.

Det påligger årsmøtet å:

- Behandle styrets årsberetning (årsmelding).
- Behandle Skogselskapets årsregnskap.
- Velge medlemmer med varamedlemmer til styret, og blant styrets medlemmer velge leder og nestleder for ett år.
- Velge revisor for ett år.
- Velge delegater til Det norske Skogselskaps landsmøte.
- Velge valgkomité på tre medlemmer. Av disse tre uttrer ett medlem hvert år, første gang etter loddtrekning. Årsmøtet velger også valgkomitéens leder.
- Utnevne æresmedlemmer.
- Behandle andre saker fremmet av styret.

Beslutningene fastsettes med simpelt flertall. I tilfelle stemmelikhet er lederens stemme avgjørende.

Ekstraordinært årsmøte kan sammenkalles når styret finner det nødvendig, eller når det kreves av minst 20 medlemmer.

Over årsmøtets forhandlinger føres møtebok, som undertegnes av møteleder og minst to medlemmer som velges på årsmøtet blant de fremmøtte stemmeberettigede.

§ 7: VEDTEKTSENDRINGER OG OPPLØSNING

Endring av disse vedtekter kan vedtas av årsmøtet med to tredjedels flertall.

For å kunne bli behandlet på årsmøtet må forslag til vedtektsendring sendes inn skriftlig til styret minst tre måneder før årsmøtet. Skogselskapets vedtekter skal forelegges Det norske Skogselskaps landsstyre til godkjenning.

Forslag til oppløsning av fylkesskogselskapet legges fram for årsmøtet. Dersom forslaget oppnår to tredjedels flertall, skal det forelegges påfølgende årsmøte til endelig vedtak med to tredjedels flertall.

Blir fylkesskogselskapet oppløst, tilfaller dets midler og eiendommer Det norske Skogselskap og skal av dette nyttes til beste for skogbruket i Rogaland fylke.

§ 8: IKRAFTTREDEN

Disse vedtekter er vedtatt av årsmøtet i Skogselskapet i Rogaland den 21. juni 2023, og godkjent av styret i Det norske Skogselskap den 4.3.2024, og gjort gjeldende som Skogselskapet i Rogaland sine vedtekter fra 5.3.2024.

RESULTATREGNSKAP

SKOGSELSKAPET I ROGALAND

DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2024	2023
Salgsinntekt		101 596	100 000
Annen driftsinntekt	2	1 717 086	1 528 325
Sum driftsinntekter		1 818 682	1 628 325
Lønnskostnad	3	729 518	692 679
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	4	48 660	51 770
Annen driftskostnad		1 193 749	899 910
Sum driftskostnader		1 971 927	1 644 359
Driftsresultat		-153 245	-16 034
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Annen renteinntekt		148 996	104 012
Annen finansinntekt		24 490	20 776
Resultat av finansposter		173 486	124 789
Resultat før skattekostnad		20 242	108 755
Årsresultat		20 242	108 755
OVERFØRINGER			
Avsatt til annen egenkapital		20 242	108 755
Sum overføringer		20 242	108 755

SKOGSELSKAPET I ROGALAND

SIDE 2

Dokumentet er signert digitalt av:

- Spanne, Karin Repstad (08.06.1972), 24.03.2025
- Helle, Per (21.05.1956), 24.03.2025
- Alfredsén, Sander Huslende (01.07.1999), 24.03.2025
- Knutsen, Olav Fostenes (19.09.1959), 24.03.2025
- Tveiterå, Kristofer (23.06.1991), 24.03.2025

Forseglet av



Posten Norge

BALANSE

SKOGSELSKAPET I ROGALAND

EIENDELER	Note	2024	2023
ANLEGGSMIDLER			
VARIGE DRIFTSMIDLER			
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom	4	4 416 160	4 461 320
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	4	0	3 500
Sum varige driftsmidler	4	4 416 160	4 464 820
FINANSIELLE ANLEGGSMIDLER			
Investeringer i aksjer og andeler	5	508 550	508 550
Andre langsiktige fordringer		600	600
Sum finansielle anleggsmidler		509 150	509 150
Sum anleggsmidler		4 925 310	4 973 970
OMLØPSMIDLER			
FORDRINGER			
Kundefordringer		51 610	5 280
Andre kortsiktige fordringer	6	13 779	43 779
Sum fordringer		65 389	49 059
Bankinnskudd, kontanter o.l.		4 473 535	4 218 866
Sum omløpsmidler		4 538 924	4 267 925
Sum eiendeler		9 464 234	9 241 895

SKOGSELSKAPET I ROGALAND

SIDE 3

Dokumentet er signert digitalt av:

- Spanne, Karin Repstad (08.06.1972), 24.03.2025
- Helle, Per (21.05.1956), 24.03.2025
- Alfredsen, Sander Huslende (01.07.1999), 24.03.2025
- Knutsen, Olav Fostenes (19.09.1959), 24.03.2025
- Tveiterå, Kristofer (23.06.1991), 24.03.2025

Forseglet av



Posten Norge

BALANSE

SKOGSELSKAPET I ROGALAND

EGENKAPITAL OG GJELD	Note	2024	2023
EGENKAPITAL			
OPPTJENT EGENKAPITAL			
Fond for vurderingsforskjeller	7	3 769 316	3 769 316
Annen egenkapital		5 092 562	5 072 320
Sum opptjent egenkapital		8 861 877	8 841 636
Sum egenkapital		8 861 877	8 841 636
GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		19 900	11 235
Skyldig offentlige avgifter		84 755	74 502
Annen kortsiktig gjeld	8	497 702	314 523
Sum kortsiktig gjeld		602 357	400 259
Sum gjeld		602 357	400 259
Sum egenkapital og gjeld		9 464 234	9 241 895

Stavanger, 24.03.2025
Styret i Skogselskapet i Rogaland

Kristofer Tveiterå
Styreleder

Olav Fostenes Knutsen
Nestleder

Per Helle
Styremedlem

Karin Repstad Spanne
Styremedlem

Sander Huslende Alfredsen
Styremedlem

SKOGSELSKAPET I ROGALAND

SIDE 4

Dokumentet er signert digitalt av:

- Spanne, Karin Repstad (08.06.1972), 24.03.2025
- Helle, Per (21.05.1956), 24.03.2025
- Alfredsen, Sander Huslende (01.07.1999), 24.03.2025
- Knutsen, Olav Fostenes (19.09.1959), 24.03.2025
- Tveiterå, Kristofer (23.06.1991), 24.03.2025

Forseglet av



Posten Norge

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og NRS 8 - God regnskapsskikk for små foretak.

DRIFTSINNTEKTER

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres. Leieinntekt blir inntektsført løpende.

SKATT

Selskapet er skattepliktig for sin virksomhet med utleie av lokaler. Øvrig aktivitet er ikke skattepliktig. Skattekostnaden i resultatregnskapet omfatter både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er beregnet med 22 % på grunnlag av de midlertidige forskjeller som eksisterer mellom regnskapsmessige og skattemessige verdier, samt ligningsmessig underskudd til fremføring ved utgangen av regnskapsåret. Skatteøkende og skattereduserende midlertidige forskjeller som reverserer eller kan reverseres i samme periode er utlignet og nettoført. Utsatt skattefordel er ikke bokført.

KLASSIFISERING OG VURDERING AV ANLEGGSMIDLER

Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlets økonomiske levetid. Avskrivningsperioden for fast eiendom anskaffet etter 2009 er dekomponert i en del som gjelder råbygget og en del som gjelder faste tekniske installasjoner. Varige driftsmidler nedskrives til gjenvinnbart beløp ved verdifall som forventes ikke å være forbigående. Gjenvinnbart beløp er det høyeste av netto salgsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdi av fremtidige kontantstrømmer knyttet til eiendelen. Nedskrivningen reverseres når grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger er til stede.

KLASSIFISERING OG VURDERING AV OMLØPSMIDLER

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter balansedagen, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og virkelig verdi.

FORDRINGER

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene.

PENSJONSFORPLIKTELSER

Pensjonsordninger finansiert via sikrede ordninger er ikke balanseført. Pensjonspremien anses i disse tilfeller som pensjonskostnad og klassifiseres sammen med lønnskostnader.

Note 1 Spesifikasjon av årets skattegrunnlag

Leieinntekt fast eiendom	-264 568
Renovasjon, vann og avløp	-13 649
Lys og varme	-27 089
Diverse kostnader lokaler	-55 368
Vedlikehold bygning	-2 100
Kontorrekvisita	-1 752
Forsikring	-2 301
Eiendomskatt	-6 694
Personalkostnader	-182 380
Revisjon og regnskapshonorar	-32 328
Skattemessig resultat	-59 093
Skattekostnad	0

Dokumentet er signert digitalt av:

- Spanne, Karin Repstad (08.06.1972), 24.03.2025
- Helle, Per (21.05.1956), 24.03.2025
- Alfredsen, Sander Huslende (01.07.1999), 24.03.2025
- Knutsen, Olav Fostenes (19.09.1959), 24.03.2025
- Tveiterå, Kristofer (23.06.1991), 24.03.2025

Forseglet av



Posten Norge

Note 2 Annen driftsinntekt

Spesifikasjon	2024	2023
Tilskudd	-1 191 218	-997 809
Leieinntekt	-284 068	-288 886
Medlemskontingent	-31 350	-54 200
Medlemskontingent Rogaland Skognæringsforum	-18 400	-19 100
Andre driftsinntekter	-192 050	-168 330
Totalt	-1 717 086	-1 528 325

Spesifikasjon av utbetalte tilskudd i 2024

Rogaland Fylkeskommune	720 674
Statstilskudd	415 350
Det Norske Skogselskap	25 073
Skognærings Kyst SA	50 000
Jæren Sparebank	50 000
Momskompensasjon	120 577
Periodisering tilskudd Rogaland Skognæringsforum	-190 456
Sum tilskudd	1 191 218

Note 3 Lønnskostnader

	2024	2023
Lønnskostnader og styrehonorar	607 889	572 624
Arbeidsgevavgift	102 931	97 342
Pensjonskostnader	15 208	13 246
Andre personalkostnader	3 489	9 468
Totalt	729 518	692 679

Note 4 Varige driftsmidler

	Bygninger & Tomter	Driftsløsøre	Sum
Anskaffelseskostnad 01.01.2024	4 800 373	52 777	4 853 150
Anskaffelseskostnad 31.12.2024	4 800 373	52 777	4 853 150
Akkumulerte avskrivninger	- 339 053	- 492 777	- 831 830
Balansført verdi	4 416 160	0	4 416 160
Årets avskrivninger	45 160	3 500	48 660
Økonomisk levetid	100 år	8 år	

Spesifikasjon fast eiendom

	2024	2023
Petersgt. 32C seksjon 30 og 32	4 132 660	4 177 820
Budalen - skogbruksseiendom	283 500	283 500
Sum	4 416 160	4 461 320

Dokumentet er signert digitalt av:

- Spanne, Karin Repstad (08.06.1972), 24.03.2025
- Helle, Per (21.05.1956), 24.03.2025
- Alfræden, Sander Huselende (01.07.1999), 24.03.2025
- Knutsen, Olav Fostenes (19.09.1959), 24.03.2025
- Tveitlerå, Kristofer (23.06.1991), 24.03.2025

Forseglet av



Posten Norge

Note 5 Aksjer & andeler

	Bokført verdi
Aksjer AS Skog	257 000
Aksjer Bio Dalane AS	200 000
Aksjer Skogbrukets konferansesenter AS	4 000
Andeler AT Skog SA	10 405
Aksjer Jæren Skoglag AS	37 145
Sum aksjer og andeler	508 550

Det er utbetalt kr. 24 000 i utbytte fra Bio Dalane AS i regnskapsåret

Note 6 Fordringer

Andre kortsiktige fordringer	
Skogfondmidler breidablikk	413
Skogfondmidler Vassmyr	9 066
Skogfondmidler Gjesdal	4 300
Sum andre fordringer	13 779

Note 7 Spesifikasjon av fondsmidler

Grunnfond/Grøndals	143 715
S&W Wrangells Fond	1 008 534
S&W Wrangells F.N.RO	2 017 067
Marthe Fiskefjøs Fond	600 000
Sum fond	3 769 316

Note 8 Annen kortsiktig gjeld

	2024	2023
Skyldig lønn	0	33 072
Skyldige feriepenger	79 609	75 674
Annen periodisering	21 860	0
Avsatt tilskudd Rogaland Skognæringsforum	396 233	205 777
Sum annen kortsiktig gjeld	497 702	314 523

Avsatt tilskudd Rogaland Skognæringsforum er tilskudd som er gått til aktivitet over flere år. Andelen av tilskuddet som blir brukt hvert regnskapsår blir inntektsført og går til reduksjon av avsetning. Tilskudd som ikke er brukt pr 31.12.2024 er kr. 396 233. Rogaland Skognæringsforum blir ført som avdelingsregnskap i Skogselskapet i Rogaland.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Spanne, Karin Repstad (08.06.1972), 24.03.2025
- Helle, Per (21.05.1956), 24.03.2025
- Alfræden, Sander Huselende (01.07.1999), 24.03.2025
- Knutsen, Olav Fostenes (19.09.1959), 24.03.2025
- Tveitlerå, Kristofer (23.06.1991), 24.03.2025

Forseglet av



Posten Norge

BRYNE REVISJON
 Bryne Revisjon AS
 Statsautoriserte revisorer
 Mieringata 17, 4340 Bryne
 Telefon: 400 06 279
 E-post: post@brynerevisjon.no
 Bank: 9687 05 04184
 Foretaksregister: NO 884 880 432 MVA

Til årsmøtet i
 Skogselskapet i Rogaland

Uavhengig revisors beretning

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Skogselskapet i Rogaland, som viser et overskudd på NOK 20 242. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2024, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettviseende bilde av organisasjonens finansielle stilling per 31. desember 2024, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapspraksis i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av organisasjonen i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

ansvar for årsregnskapet

er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapspraksis i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til organisasjonens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Bryne, 24. mars 2025

Bryne Revisjon AS

Alf Danielsen
 Alf Danielsen
 Statsautorisert revisor

AS Skog rapport 2024

AS Skog blei danna av Skogselskapet i 1919 av skattemessige årsaker. Skogselskapet er største aksjonær, med over 70 % av aksjane. Desse to selskapa har felles administrasjon i Stavanger. Om selskapet si verksemd seier § 3 i vedtektene: «Selskapets formål er gjennom innkjøp av velskikkede eiendommer i Rogaland fylke å drive rasjonell skogplanting samt hva hermed står i forbindelse.» AS Skog sine verksemd er i dag skogforvaltning, jakt- og hytteutleige, tomtefeste og gardsmuseum.

AS Skog sine verksemd er i dag skogforvaltning, jakt- og hytteutleige, tomtefeste og gardsmuseum.

STYRET

Hans-Petter Tønnessen (leiar) – for aksjonærane

Olav Knutsen (nestleiar) – for aksjonærane

Karin Repstad Spanne – for Skogselskapet.

Berge Gunnar Helle – for Skogselskapet

Kristofer Tveiterå – for Skogselskapet

VARAREPRESENTANTAR:

Else Stråtveit Kalkvik – for aksjonærane

Sander Huslende Alfredsen – for Skogselskapet

GENERALFORSAMLING

Det vart halde generalforsamling i AS Skog i Skogens Hus, Stavanger 27. mai 2024. 85,3 % av aksjane var representert. Olav F. Knutsen, Christian Aasland og Karin Repstad Spanne var på val.

Olav F. Knutsen og Karin Repstad Spanne blei attvald som styremed-lemmer, medan Kristofer Tveiterå ble valt som nytt styremedlem – alle samrøystes.

Else Kalkvik blei attvalt som vara-medlem for aksjonærane, medan Sander Huslende Alfredsen blei valt som nytt varamedlem for Skogselskapet. Begge vala var samrøystes.

Årsrekneskap for 2023 vart godkjent utan merknader. Selskapet har valt bort revisor.

SELSKAPET SIN ADMINISTRASJON

Kjell Terje Skrunes er dagleg leiar. Rekneskapen er i 2023 blitt ført av 12i Økonomi AS,

Finnøy. Det er halde 4 styremøte og behandla 35 saker.

Stråtveitgarden, Vindafjord

Med eit totalareal på 3364 dekar og produktivt skogareal på 1561 dekar er dette den største eigedommen til AS Skog. Garden har ei rekkje eldre hus, og det er planta ein del sjeldsynte treslag rundt på eigedommen, men mest vanleg gran. Jaktrettar er leigt ut. Jegerane tar mykje av naudsynte oppgraderingar og vedlikehald. Utanom jaktssesongen vert garden nytta av 4H og privatpersonar. Det nye naturreservatet

på eigedommen er totalt på 936 dekar, der 822 dekar er produktiv skog. Hausten 2022 gjennomførte Statsforvaltaren skjøtselhogst i naturreservatet, også selskapet gjennomførte noko hogst på eigedomen i samband med dette.

Hamra skog, Suldal

Eigedommen er 1956 dekar, produktivt skogareal er 1524 dekar. Suldal kommune kjøpte i 2018 56 dekar, der 28 dekar er produktiv skog, ved Tysingvatnet til industriformål.

Jakta er leigt ut.

Eit gammalt bygg som sto til nedfalls på eigedomen blei etter innhenta rivingsløyve frå kommunen rive i 2023.

Haganeset skog, Eigersund

Totalarealet er 432 dekar, produktiv skog er ca. 245 dekar. Over 100 dekar av denne eigedomen er leigt ut til diverse industri- og handelsverksemd, samt eit areal til flisterminal for Bio Dalane AS. I meldingsåret er det utført ungskogpleie på noko av eigedomen.

Lien skog, Bjerkreim

Arealet er 550 dekar, kor av 539 dekar er produktiv skog. Det er ein del forsøksfelt i denne skogen, og tilveksten er god. Det er i meldingsåret utført ein del ungskogpleie på eigedomen. Jakta er leigt ut.

Alle skogeigedommane til AS Skog er forsikra i forsikrings-selskapet SKOGBRAND. I tilknytning til eige-dommane er AS Skog deltakar i fleire vegforeiningar og medeigar i fleire traktorvegar.



Frå Lien Skog i Bjerkreim | Foto: Kjell Terje Skrunes

Rapport Rogaland skognæringsforum

Rogaland skognæringsforum er ein interesseorganisasjon for skogsektoren i Rogaland. Føremålet er å styrka og utvikla skognæringa i Rogaland. Forumet skal gje dei ulike verdikjedene i skognæringa ei felles stemme i samfunnet.

Organisasjonar, lag, firma og enkelt-personar knytt til skog- og trerelatert næringsliv, kunnskapsmiljø eller verkemiddelapparat kan vere medlemmer av Rogaland skognæringsforum.

Det er mange små aktørar i skogsektoren, både skogeigarar og foredlingsbedrifter. Skognæringsforumet samlar kreftene slik at skogsektoren langs kysten kan ha større næringspolitisk tyngde i saker som er viktige for våre regionar.

Nettverkssamarbeidet Kystskogbruket

Rogaland skognæringsforum er eitt av åtte fylkesvise skognettverk, som til saman utgjer Skognæringa Kyst SA, med hovudkontor i Steinkjer. Kystskogbruket er bygd opp omkring tre hovudnettverk:

- Fylkeskommunalt nettverk
- Statsforvaltarnettverket
- Skognæringa kyst

Rogaland skognæringsforum er såleis eit ledd i utviklinga av det ganske unike nettverkssamarbeidet Kystskogbruket.

KORT FRÅ ARBEIDET I MELDINGSÅRET

Det har blitt halde 6 styremøte, og det er behandla i alt 58 saker. Av viktige saker kan nemnast: Tredrivarprosjektet, offentlig vegstandard, utviding av Utboja tømmerkai og oppfølging av hovudsatsingsområda i Melding om kystskogbruket 2022

Styret har helde fram arbeidet med verving av nye medlemmer som starta i 2023. Ein ser føre seg at «Forprosjekt Kommunikasjon og omdømmebygging i skog- og trenæringa i Rogaland» legg grunnlag for rekruttering av nye medlemmer i prosjektperioden. Det er utarbeid profileringsmateriell til dette arbeidet. Rønnaug Foss Alsvik er tilsett som leiar i prosjektet, som i hovudsak blir gjennomført i 2025.

Målet er å setja skogsektoren på dagsorden. Skapa auka interesse for skog og tre og heva kunnskapen om skog, tre og klima også internt i skogsektoren. Gjennom dette vonar ein å styrka skog- og tresektoren sitt omdømme i allmenta i fylket, spesielt hos politikarar og andre med avgjerdsrett.

Styrelleiar Arne Bergsvåg har i meldingsåret representert Rogaland skognæringsforum (RNSF) i styringsgruppa for prosjektet Gode vegløyningar gjennom realisering av hovudplan for skogsvegar. Styrelleiar representerer også skogbruket og skognæringsforumet i Landbrukspartnarskapen, eit samråingsforum mellom landbruket, Statsforvaltaren, Rogaland fylkeskommune og Innovasjon Norge. Forumet gir viktige føringar for bl.a. prioritering av offentlege midlar i landbruket.

Årsmøtet blei halde på Nesheimtunet, Nedre Vats Vindafjord 23.5.24. Det var god oppslutning med 34 påmeldte deltakarar. Sjølve årsmøtet blei etterfølgd av seminaret «Bonde, bygg i tre!», der fleire lokale leverandørar fekk presentera seg



Arne Bergsvåg overtok som ny styrelleiar etter Olaf Gjedrem på årsmøtet. | Foto: Kjell Terje Skrunes

Seminardelen blei avrunda med eit besøk i det nye trefjøset for mjølkeproduksjon hos Jørn Laurits Strand på Sjurseikje i Øvre Vats.

Vala på årsmøtet gjorde at Arne Bergsvåg blei valt til ny leiar etter Olaf Gjedrem som hadde takka nei til attval.

Espen Årvik blei attvald som nestleiar. Gudrun Margrethe Dyrseth blei valt som nytt styremedlem etter Tore Sigmundsen som hadde takka nei til attval. Lars Slåttå blei attvalt som 1. varamedlem, medan Sander H. Alfredsen blei valt til ny 2. varamedlem.

STYRET ETTER ÅRSMØTET 2024:

- Leiar:** Arne Bergsvåg, Skjold
Nestleiar: Espen Årvik, Vikebygd
Styremedlem: Gudrun Margrete Dyrseth, Vindafjord
Styremedlem: Anna Henriette Veim Eikje, Tysvær
Styremedlem: Svein Myklebust, Sola
1. varamedlem: Lars Slåttå, Rådgjevar, Stavanger
2. varamedlem: Sander Huslende Alfredsen, Egersund

Kjell Terje Skrunes har vore sekretær/dagleg leiar i 2023. Lars Slåttå har og gjort svært mykjeseekretærarbeid for forumet i meldingsåret.

- Skogen lokka mest

Tekst og foto:
Kjell Terje Skrunes

Som odelsjente hadde Ann-Christin Egeland Bryne (32) to gardsbruk å velja mellom, eit mjølkebruk på Egeland, eller eit bruk med store skogressursar på Rødland. Valet var enkelt. I haust har ho og mannen, Reier Bryne (35), henta ut heile 3.500 kubikkmeter tømmer frå eigen skog – men her er framleis mykje att.

- Då eg vaks opp dreiv mor og far begge bruken, men eg var alltid mest glad når eg sykla dei to, tre kilometrane heimanfrå til Rødland for å stella sauene me hadde der. Eg var tiltrekt av skogen, og så ligg tunet så fint til i bygda. Då var det lett å seia at litlebror kan få mjølkebruket, eg vel Rødland og skogen, seier ho. Det var bror til morfaren hennar som eigde garden før mor hennar overtok den. Så det er grandonkel Arthur sin forteneeste at dei no kan hausta av det han planta i åra like etter krigen.

Kollegaer blei par

Dei overtok garden for fire år sidan etter nokre år i einestad på Orstad i Klepp. Der var det lite skog å sjå, så Ann-Christin døyvde skoglengtinga med å ta bilde frå skogen på Rødland, og fekk laga tapet til ein vegg i heimen. Dei to var først kollegaer før det blei par, dei trefte kvarandre i Stangeland Maskin, der ho framleis arbeider som prosjektingeniør i stikningsavdelinga. Reier var maskinførar og bas, gjekk gradene frå han byrja der som 16-åring. Han arbeider no for maskinentreprenør BJ Mydland AS i Sokndal.

- Eg treivst veldig godt i Stangeland, men då me flytta hit tenkte eg at skulle innflyttaren bli ein del av miljøet, gro fast, så var det enklare om eg og arbeidde lokalt. Det er ei avgjerd eg ikkje angrar på. Det var jo ein overgang for ein framand gut frå Bryne-byen å slå seg ned her, men no er eg «husvarm», og trivs utmerkt på Helleland, seier han.

Det gamle våningshuset blei rive og nytt, staseleg hus med plass til både dei sjølve, døtrene Lovise (6) og Maren (3) og besøkjande familie og vener var innflyttingsklart berre 1,5 år etter at dei overtok.

Skogen i fokus

Garden er totalt på 870 mål. 276 av desse er produksjonsskog med høg bonitet, mest gran men og ein del lerk. Her er 31 mål fulldyrka jord, 100 mål overflatedyrka medan resten er utmark. Slåttegras og beite er leigt ut til heimegarden på Egeland, så på Rødland er det skogen som får mest all merksemd.

- Sjølv om eg er oppvaksen med skog, er det far som har hatt kunnskapen og stått for det meste av arbeidet med skogen. Det var også han som ymta frampå om at feltet kanskje burde hoggast, då me var på inspeksjon etter ein hauststorm - og fant ein god del rotvelter.

I det heile har me operert som svampar, sugd til oss kunnskap der me har funne den, og far og mor har heile tida vore viktige mentorar. Me har også hatt veldig god hjelp frå skogbrukssjefen i Dalane, og elles har me tatt kurs både på nett og fysisk – mellom anna delteke på Skogselskapet sin fagdag innan skogkultur. Det har vore særst nyttig for oss, fortel Ann-Christin. I tillegg går Reier no på Vinterlandbruksskolen, der skog og skogsdrift står på timeplanen.

Lønsam hogst

Stordrifta i haust vart gjennomført av Nortømmer og med Hardanger Skog som entreprenør.

Begge får beste karakter.

- Det var einestående folk å forhalda seg til gjennom dei vekene drifta sto på, alt blei sikkert og profesjonelt gjennomført. Me er stornøgde med det valet, seier Reier.

Med 3.500 kubikk innmålt tømmer, og med dagens tømmerprisar er det lett å rekna seg fram til store inntekter frå hogsten. At generasjonen før hadde investert i skogsbilveg til feltet hjelpte også monaleg til å halda utgiftene nede, nokre lass med grus var alt som måtte til.

- Joda, det har løna seg, absolutt. Me sit igjen med ein god slump også etter at alle rekningane er betalte. Med tanke på nye investeringar har me sett ein god del av dette på garden sin skogfondskonto, ei utmerka ordning som alle skogeigarar burde sette seg inn i og nytta, meiner Ann-Christin.

Mykje arbeid ventar

Dei som ikkje kan så mykje om skog, trur at skogbruk berre handlar om to ting; planta og hogga. Men det er langt frå sanninga, noko dei framtidige gjeremåla på Rødland fortel alt om. For her er mykje arbeid som ventar, både på kort og litt



Eiga gardssag med stor kapasitet er kjøpt inn. Den kan bli ei lønsam attåttnæring på bruket.

lengre sikt. I vår og sommar skal det plantast på hogstfeltet



På hogstfeltet skal mest 19.000 granplanter i jorda denne sesongen. Kanskje er det odelsjenta Lovise på seks som får hausta bestandet.

– nøyaktig 18.821 planter er bestilt. Reier skal med kyndig hand ta seg av sporsletting etter hogsten med eigen gravemaskin, det skal tynnast i eit felt med ung lerkeskog, og så skal det drivast ungskogpleie på 40 mål med gran som kom i jorda i 2017.

Om nokre år, 5 – 10, antydar dei, blir det ny hogst. Heller ikkje den så lita, det er snakk om kring 2000 kubikkmeter gran.

- Her må me gjera nokre investeringar i forkant, det trengs veg, og me må også over ei lita elv for å komme til med hogstmaskina. Då er det greitt å ha nokre kroner på skogfond, seier Reier.

Eiga sag

Ekteparet på Rødland har og investert i eiga gardssag som dei håpar å få sysselsett framover.

- Me kom over ei ny sag via kjenningar og slo til på den saman med nokre andre, så saga er eit spleiselag. Tanken er å få nok omsetnad på den til å forsvare investeringa, og interessa så langt tyder på at det er ein marknad for den. Sjølv tenker eg jo at den kan gje oss alt det me vil trenga av trekledning av lerk i framtida. Saghuset er forresten sett opp av sjølvskore tømmer frå eigen skog, fortel Reier.

Som med skogen, er det bratte læringskurver som gjeld også som «sagfører», men han har kyndig hjelp her også. Saga er det ikkje noko å utsette på, ho er datastyrt og kan handtera stokkar på 11 meter og dimensjonar opp til ca 100 cm. Då er det godt å ha hydrauliske bukkar å hjelpa seg med.

Både jobb og rekreasjon

Ann-Christin og Reier er samde om at skogen gjer dei glede på fleire nivå. At den er viktig reint økonomisk er ein ting, ein annan at dei opplever det som meningsfullt å forvalta ein berekraftig ressurs med positiv innverknad på klima.

Og så er det avstressande å berre vandra kring i skogen og nyta den særigne roen ein finn der. Og for Ann-Christin kan arbeid og anti stress-aktivitet vera det same:

- Spør du meg, så er det å spennast på seg ryddesaga på ungskogfeltet den beste avkoplinga eg kan tenkja meg, fastslår ho.



Det nye gardshuset står majestetisk på haugen med utsikt over bygda og Rødlandsvatnet i vest.

Oppfølging av foryngingsplikten

Av Stein Bomo
Fylkesskogmester

Nye planter i jorda etter hogst med minimum tilsvarende kvalitet og produksjon er kjernen i grønn og bærekraftig skogforvaltning. Trenden de siste 20 årene viser dessverre at under 50 % hogstarealet blir satt i ny og tilsvarende skogproduksjon. 2024 var et lyspunkt for planting etter hogst. Vi må helt tilbake til 2001 for å finne tilsvarende planteaktivitet etter barskoghogst.

Investeringsbehov i ny skog må vurderes opp mot hogstaktiviteten. Gode tal for 2024 håper vi skal være vendtpunkter for å snu trenden og ta igjen noe av etterslepet. I 2024 blei det nyplanta 2050 dekar. Dette er en god økning på 71 % fra 2023 (1200 dekar). Til sammenligning har det blitt nyplantet ca. 1400 dekar årlig de 10 siste årene etter barskoghogst. Årlig hogstarealet etter barskog i samme periode har vært ca 3500 dekar.

Dette gir en foryngingsgrad på bare 40 % i 10-årsperioden. Behov for prioritering av tiltak og innsats er fortsatt stort for å øke foryngelsesgraden i Rogaland.

KONKRETE TILTAK FOR Å SNU TRENDEN

